

# STRATEGI FOR HAMAR BISPEDØMMERÅD 2025–2029



Strategi for Hamar bispedømmeråd 2025–2029  
Vedtatt av Hamar bispedømmeråd 11. september 2024  
Forside: Kvikne kyrkje  
Foto: Aslaug S. Haugen



Jesus seier: «Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige. Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri og ropa ut eit nådeår frå Herren».

Evangeliet etter Lukas 4,18–19

Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.

Kirkeordning for Den norske kirke, § 26


# Ein strategi for ei ny tid

**I folkekyrkjebispedømmet Hamar seier vi at  
inga tru er for lita.**

Det er ei kyrkje som er raus og tydeleg, og til stades i samfunnet og i menneska sine liv. Ei kyrkje som kvar einaste dag formidlar evangeliet om Jesus Kristus i både ord og handling til alle menneske. For Gud gjer ikkje forskjell på folk (Rom 2,11).

Ein strategi inneber å gjere val og prioriteringar her og no for å kunne nå eit ønskt punkt i framtida. Det overordna målet er å ta eit steg nærmare verkeleggjeringa av kyrkja si visjon om *meir himmel på jord – heilage rom for alminnelege liv*.

Gjennom 2024 vart det arbeidd grundig, inkluderande og kunnskapsbasert med ny strategi for Hamar bispedømmeråd. Strategien er bygd på den nasjonale strategien for Den norske kyrkja. Folkevalde, tilsette og tillitsvalde fekk i fleire runder gje sine innspel og meiningar på kva dei ser vil vere dei viktigaste innsatsområda i Hamar bispedømme i åra framover. Denne strategien har som mål å spegle dei moglegheiter og utfordringar som finst i sokna, samtidig som den varetak den rolla og funksjonen som bispedømmerådet har i Den norske kyrkja. Bispedømmerådet sin strategi forpliktar ikkje kyrkjelydsråda eller dei kyrkjelige fellesråda, men sokna sine organ har moglegheit til å sjå til denne strategien i utviklinga av sine eigne planar for det lokale arbeidet sitt.



Prioriteringane i denne strategien gir ei retning. For bispedømmerådet vil strategien få følgje av den årlege planen for verksemda der det kjem fram kva for aktivitetar og tiltak som skal gjennomførast i det aktuelle året. Vedtak i Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet vil saman med ressursar og situasjonsbiletet i bispedømmet prege det som til kvar tid vert prioritert.

Prioriteringane i strategien har noko ulik karakter. Nokre prioriteringar gjeld sokna og den lokale kyrkja, og her ynskjer bispedømmerådet å vere ein ressurs for sokna sine organ. Andre prioriteringar går direkte på kva bispedømmerådet har ansvar for i samsvar med Kyrkjeordninga. Den tredje typen prioritering er knytt til ståstad og haldningar som folkekyrkja i Hamar ynskjer å framheve i møte med samfunnet og verda. Det er ikkje vasstette skott mellom dei ulike slag av prioriteringar. I bispedømmerådet sin plan for verksemda vil det bli tydeleg korleis strategien vil fylgjast opp frå år til år.

Kyrkja er kalla til å vere lys og salt i verda. Dette skjer gjennom ord og sakrament og kjærleikens gjerningar. Kyrkja skal forkynne ein god bodskap for fattige og gje menneske fridom og nåde. Dette er Jesus sin eigen programerklæring (Lukas 4). Bodskapen forpliktar kyrkja til å reagere når urettferda rår, menneskeverdet krenkast og skaparverket forringast. Det er difor i kyrkja sitt vesen, å vere ein sentral aktør i arbeidet med FN sine berekraftsmål, som er verda sin respons på dei globale utfordringane. Hamar bispedømmeråd har difor late berekraftsmåla setje ramme for strategien.

Med denne strategien ynskjer Hamar bispedømmeråd å leie folkekyrkja i Hamar inn i ei ny tid. Den skal møte dei utfordringane vi ser her og no, men også ruste kyrkja til å møte det som kjem, og som vi enno ikkje har oversyn over.

Hamar bispedømme har ein stolt tradisjon og historie. Strategien skal hjelpe oss til å rope ut eit nådeår. Til å skapa dei nye forteljingane. Forteljingar som handlar om å møte alle menneske med evangeliet – med godt nytt om at *inga tru er for lita*.

## Den norske kyrkja sin strategi for 2022–2029

# *Meir himmel på jorda*

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekirkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

Strategi for Den norske kyrkja for 2022–2029	Kyrkja opnar rom for tru	Kyrkja er der livet vert levd	Kyrkja er meir for fleire
 <b>Kyrkja for den enkelte</b>	Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	Gjev tilhørsle og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt
 <b>Kyrkja i samfunnet</b>	Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på
 <b>Kyrkja som organisasjon</b>	Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekirkje	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	Skapar ein mangfoldig, rekryterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena



Ytre Rendal kyrkje

# Vårt arbeid med berekraftsmåla

FN sine berekraftsmål er ei programerklæring frå verdas statar om ei meir rettferdig og fredeleg framtid for menneske og miljø. For å lukkast med berekraftsmåla, må alle vere med og bidra. Den norske kyrkja er til stades i alle lokalsamfunn, og bidreg kvar dag med viktige og diakonale tenester for menneske i alle aldrar. Den kristne tru og håp, og kyrkja sitt kall, forpliktar oss til å arbeide for meir rettferd mellom menneske og for ivaretaking av skaparverket, både lokalt og globalt. Det internasjonale engasjementet kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane sitt samarbeid med mellom anna Kirkens Nödhjelp og misjonsorganisasjonar gjennom misjonsavtalar.

Berekraftsmåla gir kyrkja hjelpe til å formulere dette arbeidet i eit språk som innbyr til samarbeid med andre aktørar. Samtidig peikar måla på eit moglegheitsrom for ytterlegare bidrag og påverknad. Ved å arbeide målretta med berekraftsmåla, vil Hamar bispedømme bidra til å skapa *meir himmel på jord*.

Fire berekraftsmål pregar prioriteringane som Hamar bispedømmeråd har gjort i denne strategien. Måla tek utgangspunkt i kvar vi meiner vi får størst gjennomslagskraft, og der vi har moglegheit til å gjøre ein skilnad.



Lom stavkyrkje

# Vi vil arbeide med:

## God helse og livskvalitet

Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.



For Hamar bispedømme handlar dette om *nestekjærleik og omsorg*. Kristen tru og praksis påverkar eksistensiell helse og kan fremje livskvalitet. Difor er kyrkja til stades i alle lokalsamfunn med kyrkjeleg teneste. Vi er også til stades ved både studiestader, sjukehus og kriminalomsorg. Det er for eksempel folkehelse i ein godt stelt kyrkjegard og i eit sorgarbeid med høg kvalitet. Vi vil arbeide for å opne kyrkjeromma enda meire, og bidra til å utvikle møteplassar for alle generasjonar. Det tenker vi fremjar mental helse og livskvalitet.

## Mindre ulikskap

Redusere ulikskap i og mellom land.



For Hamar bispedømme handlar dette om *kamp for rettferd*. Folkekyrkja i Hamar er ein stor aktør for alle generasjonar. Det er viktig for kyrkja at tilboda skal vere inkluderande, opne og tilgjengelege for alle. Difor vil vi arbeide for at alle skal ha moglegheit til å delta i samfunnet og i kyrkjeleg fellesskap, uavhengig av økonomisk situasjon og funksjonsnivå. Vi vil også vere ei stemme for dei som blir diskriminerte og fell utanfor i Noreg og i andre land.

## Liv på land

Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringingar og stanse tap av artsmangfald.




For Hamar bispedømme handlar dette om vern av *Guds skaperverk*. Innlandet fylke dekkjer nesten ein femdel av fastlandsområdet i Noreg. Hamar bispedømme omfattar Innlandet fylke, i tillegg til Lunner kommune i Akershus. Bispedømmet rommar store nasjonalparkar, naturreservat, fjellområde, skog, myr og artsmangfald. Vi ynskjer å vere ei stemme for dette mangfaldet, og vere eit talerøyr for å lyfte skaperverket sitt eigenverd og syn kor avhengige vi er av det. Det er ulike syn på korleis ein best skal ivareta naturmangfaldet, og Hamar bispedømme kan vere ein bidragsytar i den etiske debatten. Det handlar om å inkludere Guds skaperverk i større grad i vår teologiske medvit og refleksjon, mellom anna ved å dra lærdom frå den samiske og skogfinske spiritualiteten som finst i bispedømmet.

## Samarbeid for å nå måla

Mobilisere ressursar, utvikle og dele teknologi, etablere solide samarbeidsmekanismar for berekraftig utvikling.




For Hamar bispedømme handlar dette om *inkluderande fellesskap*. Hamar bispedømmeråd har som oppdrag å fremje samarbeid i bispedømmet. Det handlar om godt samvirke og samleiing internt i kyrkja, men det er også eit mål å vere ein solid samarbeidspartnar med andre samfunnsaktørar i både offentleg, privat og ideell sektor. Vi vil pleie våre relasjonar, og leite etter nye måtar å samarbeide på. Berre i fellesskap vil vi klare å oppnå berekraftsmåla, og Hamar bispedømmeråd ynskjer å vere ein konstruktiv og kreativ partnar på dette feltet i åra framover.





Tisleidalen kyrkje



# Kyrkja for den enkelte

**Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet**

For Hamar bispedømme betyr dette å vere ei inkluderande «livsløpskyrkje» i folk sin kvardag og store hendingar.

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Kvalitet og utviklingsorientert fokus på gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- Styrke og utvikle korverksemda i bispedømmet.
- At dåp er tilgjengeleg for alle som ønskjer det.
- Opne kyrkjer med moglegheit for lystenning, stille og bøn.
- Plan for kyrkjeleg undervisning og læring som legg grunnlag for livstolking og livesmeistring barn og unge vaksne imellom.
- At kyrkjeleg konfirmasjon skal vere unge sitt første val.

## **Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar**

For Hamar bispedømme betyr dette å formidle historie, kulturarv, kyrkjemusikk og salmeskatt gjennom kulturarbeidet i kyrkjene.

Hamar bispedømme vil prioritere:


- Pilegrimsarbeid med særleg fokus på barn og unge.
- Konserter, kunst og kultur i kyrkjeromma, også i samarbeid med lokalt kulturliv.
- Kyrkjeromma som arena for læring i samarbeid med skular og barnehagar.
- Arbeid fram mot Nasjonaljubileet 2030.

## **Gir tilhørsel og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt**

For Hamar bispedømme betyr dette å skape trygge rom for fellesskap, håp og undring.

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Møteplassar for alle aldrar og på tvers av generasjonar.
- Utvikling av gudstenestene som møteplass for fleire.
- Å motivere til å vere nyskapande i møte med samfunnsendringane.



# Kyrkja i samfunnet

**Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle**

For Hamar bispedømme betyr dette å stå opp for menneskets ukrenkjelege verdi.

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Å vere kyrkje tydeleg til stades i det livssynsopne samfunnet.
- Bidrag i arbeidet med å integrere migrantar og flyktningar.
- Å vere ei håps-rørsle og stemme for menneskerettar og menneskeverd i ei uroleg verd.
- At det blir gitt høve for alle til å medverke i gudstenester, kyrkjelege aktivitetar og kyrkja sine demokratiske prosessar.
- Å vere ein sentral beredskapsaktør på fylkes- og lokalt nivå.
- Kyrkjeleg nærvær i bispedømet sine samfunnsinstitusjonar.

## **Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og regionalt**

**For Hamar bispedømme betyr dette å sjå liva våre i ein større og global samanheng.**

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Å vere ei tydeleg stemme for naturmangfaldet.
- Auka kunnskap om urfolk og dei nasjonale minoritetane sin spiritualitet og teologi.
- Å motivere sokneråd til å registrere seg som «Grøn kyrkje».
- Bidrag til å oppfylle Den norske kyrkja sine klimamål 2030.

## **Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på**

**For Hamar bispedømme betyr dette å byggje ned hindringar for menneske til å delta fullt ut i samfunnet og det kyrkjelege fellesskapet.**

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Barn og unge si deltaking i kyrkja sine tilbod uavhengig av økonomisk situasjon eller funksjonsevne, også i dialog med barne- og ungdomsorganisasjonar.
- Å vere ei tydeleg stemme mot kvardagsrasisme og antisemittisme.
- Å utvikle kyrkja som ein arena for arbeidstrening for menneske som står utanfor arbeidslivet.
- Ansvar for å bidra til forsoning, tillitsbygging og oppattretting av uretten som kyrkja har påført samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar.



# Kyrkja som organisasjon

**Kyrkja styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekirkje**

For Hamar bispedømme betyr dette å leggje til rette for og stimulere til god samhandling og utviklingsprosessar mellom kyrkjelege råd, tilsette og andre aktørar.

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Tilrettelegging for strategisk utvikling på ulike nivå gjennom samleiing mellom arbeidsgjivarlinene.
- Samråd som modell for dialog mellom Hamar bispedømmeråd og soknet sine organ.
- Å vidareutvikle prostane si kyrkjefaglege leiing og sokneprestane si pastorale leiarrolle.
- Innføringa av «Kyrkja vår - samla plan for soknet» i heile bispedømmet.
- Å sjå heilskapleg på soknestrukturen i bispedømet.
- Kommunikasjon som synleggjer kyrkja sine mange tilbod.

## **Kyrkja samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og livssynssamfunn og offentlege, private og ideelle aktørar**

*For Hamar bispedømme betyr dette at kyrkja er ein bidragsytar for å skape berekraftige fellesskap.*

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Auka samhandling med skular og skuleeigarar for å løyse oppgåvane i skulen sitt planverk og plan for kyrkjeleg undervisning og læring.
- Arenaer for samarbeid og samskaping, mellom anna i økumeniske og interreligiøse samanhengar.
- Å vere inviterande til jamlege møtepunkt med Statsforvaltaren, Innlandet fylkeskommune, sentrale beredskapsaktørar og liknande.

## **Kyrkja skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena**

*For Hamar bispedømme betyr dette at kyrkja skal vere ein meiningsfull stad å gjere teneste og å vere ein god og attraktiv arbeidsplass.*

Hamar bispedømme vil prioritere:

- Rekruttering til kyrkjeleg utdanning, kyrkjeleg teneste og frivillighet.
- At attraktive stillingar blir lyst ut i bispedømmet.
- Å oppmuntre til at sokn tilbyr sommarjobb for ungdom.
- Likestilling, inkludering og mangfold (LIM).
- Godt og utviklande leiarskap på alle nivå.
- Gjennomføring og oppfølging av medarbeidarundersøkingar.
- At frivilligheita i kyrkja er mangfaldig og inkluderande.



Hamar bispedømmeråd  
Folkestadsgt. 52, 2317 Hamar  
Postboks 172, 2302 Hamar  
[hamar.bdr@kirken.no](mailto:hamar.bdr@kirken.no)  
[www.kirken.no/hamar](http://www.kirken.no/hamar)



DEN NORSKE KIRKE  
Hamar bispedømmeråd  
Hamaren bæspatjølteraerie